

## Årsberetning 2017 – Gløde AS

### Verksemdas art og lokalisering

Gløde AS er ei arbeidsmarknadsbedrift som produserer og leverer mange ulike varer og tenester til næringslivet og til det offentlege. Gløde AS jobbar for inkludering av personar i arbeidsmarknaden gjennom ulike tiltak. Verksemda opererer innan arbeidsformidling, rettleiing, arbeidsavklaring, aktivitetstenester, produksjon av varer i tre, metall, glas, pakking og logistikk, vaktmeisterstenester catering, pakking og utkjøring av jobbfrukt.

Gløde AS sin forretningsadresse og administrasjon: Havnevegen 11, 5918 Frekhaug. Vi har følgjande eigne bygg: Havnevegen 11 og 15, Frekhaug og Mjåtveitflaten 33-37, Frekhaug. Vi leiger kontorlokale i Hagellia 4, 5914 Isdalstø og C. Sundsgate 51, 5001 Bergen. Gløde selde i mai 2017 eigedommen Radøyvegen 715, 5938 Sæbøvågen.

Gløde AS er medlem av ASVL som ein landsomfattande samanslutning av tilsvarande verksemder, s.k. Vekst-bedrifter. Samarbeidet er hovudsakeleg retta mot arbeidsinkludering og hr-støtte og ivaretaking av våre interesser.

### Fortsett drift

I samsvar med rekneskapslovens § 3-3 bekreftar vi at føresetnad for fortsett drift er til stades og denne føresetnaden er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapan.

### Utgreiing av årsrekneskapan

Gløde AS har i 2017 hatt fokus å snu trenden etter fleire år med underskot. Det vart i 2016 vedtatt at drifta på avdeling Industriservice i Radøyvegen 715, måtte avviklast pga. negative resultat over fleire år. Drifta var avvikla juli 2017 og bygninga vart seld til marknadspris til 6 mill. Salsgevinsten på 2,9 mill. vart tilført rekneskapan. Ser ein vekk frå salet ville driftsresultatet vore minus kr 400'. Gløde AS har i fleire år vorte påverka av konjunkturedgangen i verkstadindustrien som medførte betydeleg omsetnadsvikt på viktige område i verksemda. Dette har også prega 2017. Avviklinga av avdeling Industriservice var heilt naudsynt for å bringe verksemda i balanse. Verksemda sette i verk fleire kostnadsreducerande tiltak og tett budsjettoppfølging. Vi har m.a. gjennomført bemanningsreduksjon. Gløde AS er underleverandør i to anbodstiltak som har bidratt til auka omsetnad, men som isolert sett har hatt noko underskot i 2017. Verksemda vart tilført nye tiltaksplassar som har gjeve auka omsetnad og verkar positivt inn på økonomien.

Gløde AS er i stor grad påverka av dei endringar innan tenestekjøp for arbeidsmarknadsbedrifter. Reformar og anbudsutsetting kan påverka dei økonomiske ramane for vår drift. Utover dette er vi underlagt marknadskrefter innan dei produksjonsområde vi opererer under. Verksemda utarbeider budsjett som bygger på dei føresetnader vi kjenner og etter beste skjønn i høve til usikre faktorar.

Omsetnaden i Gløde AS økte frå NOK 53,2 mill. i 2016 til NOK 54,5 mill. i 2017. Årsresultatet økte frå underskot på NOK 4,7 mill. i 2016 til overskot på NOK 1,5 mill. i 2017. Effektivisering av drifta og kostnadsreducerande tiltak gjer at verksemda er på rett veg i høve til økonomien.

De samla investeringane i Gløde i 2017 var Kr 475'.

Anleggsmidlane er redusert ved sal av Radøyvegen 715 med kr 4,1 mill.

Gløde AS sin likviditetsbeholdning var NOK 11,5 mill. per 31.12.2017

Totalkapitalen var ved utgangen av året NOK 39 mill., samanlikna med NOK 37,9 mill. året før. Eigenkapitalandelen pr. 31.12.2017 var 24,6%, samanlikna med 22,5 % pr. 31.12.2016. Selskapet sin eigenkapitalandel er på nivå med tilsvarande verksemdar som vi kan samanlikna oss med, og er innanfor det intervallet som selskapet sin leiing ser på som akseptabelt.

### Arbeidsmiljø, likestilling og diskriminering

Arbeidsmiljøet er sett på som godt. Det er gjennomført arbeidsmiljøundersøkelser i alle avdelingar og det er ikkje rapportert store arbeidsmiljøutfordringar. Totalt sjukefråvær siste år har vore 4,1 % som er noko betre enn føregående år. Det har ikkje blitt rapportert om skadar eller ulykker på arbeidsplassen som har medført fråvær.

Verksemda har som mål å vera en arbeidsplass med full likestilling mellom kvinner og menn, og har innarbeidd retningslinjer som forbyr forskjellsbehandling grunna kjønn. Av selskapets 58 tilsette er 31 kvinner og 27 menn. Selskapets styre består av 5 menn og 4 kvinner. Gløde AS arbeider aktivt for å forhindra diskriminering som følge av nedsett funksjonsevne, seksuell legning, etnisitet, nasjonalt opphav, hudfarge, religion eller livssyn. Dette omfattar blant anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmoglegheiter og skydd mot trakassering. Gløde AS har som målsetting å reflektera befolkninga i nærområdet. I tilsettingsprosessar vil ein likestillt søkjarar uansett alder, kjønn, funksjonsevne eller kulturell bakgrunn.

### Ytre miljø

Styret kan ikkje sjå at ein forureinar det ytre miljøet på skadeleg eller ulovleg vis. Avfall og papir vert kjeldesorterte etter NGIR sitt regelverk.

Frekhaug 08.05.18



Nils Marton Aadland  
Styreleiar




Steinar Raa  
Nestleiar



Anne K. Valle  
Styremedlem



Anne Grete Eide  
Styremedlem



Åshild Aamli  
Styremedlem



Rune Myhr  
Styremedlem



Ståle Juvik Hauge  
Styremedlem



Sølvi Knudsen  
Styremedlem



Morgan Taule  
Styremedlem



Bjørn-Arild Herfindal  
Dagleg leiar

Alle høpde  
vel velde  
Nun med  
i prosess.